Vesterålen Teater
Møllerbakkveien 29
8403 SORTLAND

21. mai 2025

Sortland Kommune
PLAN
Vesteålsgata 57
8400 SORTLAND

Innspel til høyring av komunneplanas samfunnsdel 2025-2037

Gamlekinoen i Sortland Rådhus I er eit levande kulturminne i bruk av fleire aktørar på kulturfeltet. Vesterålen Teater er ein aktiv brukar, der teateret har øvingar kvar veke og i tillegg fleire helgeøvingar gjennom heile vinterhalvåret. I tillegg til Vesterålen Teater er det fleire andre brukarar av salen, som Sortland ungdomskole, Den Kulturelle Skulesekken, korps og andre kulturutøvarar. Vesterålen Teater ynskjer forbetringar av salen i forhold til oppgradering av bommane over scena, forbetring av straumanlegg på scena og varmeanlegg i salen. Desse forbetringane kan bidra til at Gamlekinoen skal vere eit levande kulturmiljø inn i framtida.

Utbering av bommane over scena
I dag er bommane over scena, der opphenga av sceneteppe og anna sceneutstyr ikkje godkjend etter forskriftene. Vaierane er 8 mm og etter reglar skal dei vere 10 mm, dette betyr at vi ikkje kan henge opp inndekningstepper og ikkje tildekte lerret. Som gjer at det vanskeleg å ha forstilling der. Me ynskjer oppgradering av vaier, slik at scena kan takast i sikker bruk.

Forbetring av straumanlegg
Straumanlegg er i mindre god stand i Sceneområdet, der det er fleire kontaktar som ikkje fungerer, det medfører auka bruk av skøyteleidningar over scena. Dette er negativt i forhold til brann og tryggleik for dei på scena. Vi ynskjer at dette skal utbetrast.

Varmeanlegg
I dag er det kaldt i kinoen, og det er vanskeleg å få god varme før både øving og forstilling. Særleg kritisk er det i vintermånadane. Varmeanlegget i gamlekinoen bør oppgraderast, slik at det er god temperatur for brukarane og publikum. To radiatorer øvst i salen har blitt skifta

og fungerer godt, men det er problem med å få varme i sceneområdet og for dei nederste stolrekkjene av sitjeplasser i salen.

Vi i Vestårlene Teater ser det som viktig å ta vare på det freda kulturmiljøet og ynskjer å vere ein aktiv medspelar saman med kommunen for å gjere dette kulturminnet til eit levande kulturminne gjennom aktiv bruk.

Med venleg helsing

Liv-Harriet Kolve
Vesterålen Teater
Leder